

Det er bilføraren si plikt å melde frå om påkjørsler av vilt, presiserar ettersøkslaget som skriv slik til oss:

Eg sit og les innlegget på uskedalen.no den 20/6 angående fellingsløyver på rådyr og funn av påkjørt rådyr i Dimmelsvik. Der er det skrevet at sitat: Det blir presisert at det ikkje er ettersøkslaget men dei berørte grunneigarane som skal ta seg av drepne eller skada rådyr. Sitat slutt. Den 29/5 var det også eit innlegg på uskedalen.no angående påkjørt rådyr i vegkanten det det stod sitat: Men folk er i undring over at dyret har lege der så lenge og spør kven som har ansvaret. Er det ettersøkslaget? sitat slutt.

Eg vil presisera nokre vesentlege og viktige punkt i forbindelse med desse hendingane og det som er skrevet i begge tilfella:

- Bilfører har PLIKT til å melde frå om vilt påkjørsler jfr. Vegtrafikklova §12 til politiet eller lokal viltmyndighet. Vert ikkje meldeplikta overholdt er dette straffbart. Dette har tydelegvis bilførarane i begge tilfella neglisjert.
- Kvinnherad Ettersøkslag har avtale med Kvinnherad Kommune om å utføra ettersøk etter hjortevilt som vert påkjørt og ta hand om eventuelt ihelkjørt hjortevilt. Dette inneber imidlertid at bilføraren har meldt i frå om påkjørslen anten til politiet eller direkte til Ettersøkslaget. Dersom dette ikkje er gjort har heller ikkje Ettersøkslaget nokon mulighet til å utføra søk. Ei heller ta hand om daude dyr i vegkanten. Ettersøkslaget kjører ikkje rundt i kommunen på leit etter ihelkjørte dyr i vegkantane. Det er det heller ingen andre som kan.
- Ved funn av daude dyr er det grunneigar sitt ansvar å ta seg av desse og få dei fjerna.

Ein fellesnemnar for begge desse to hendingane er at bilføraren som har kjørt på rådyra er den største syndaren. Korkje politi, viltneimda eller ettersøkslaget har fått melding om dette. Bilføraren har med andre ord ikkje overholdt plikta si som bilfører. Dette skulle absolutt vore påpeika i reportasjane.

Det skjer endel slike hendingar i Kvinnherad kvart år der hjortevilt vert påkjørt utan at bilføraren melder frå om dette. I verste fall går eit skada dyr ein pinefull død i møte pga dette.

DET ER BILFØRAR SI PLIKT Å MELDE FRÅ OM DETTE! Dette punktet er det viktigaste.

Kai Esten Dale

Leiar Kvinnherad Ettersøkslag.